



Martyrstaden: Inne i helleren vart det tent lys og sunge, og alle kunne gå inn til alteret. Denne gruppa vart leia av Ragnhild Helena Aadland Høen (t.h.).



Boklansering: Anne-Brit Johansen (i midten) kom med ei ny bok frå IKO-Forlaget som tar for seg Selja og trusopplæring for ungdom, f.v. Kari Leine Balog og Andreas Hoddevik.



Kjeldevatn: Fader Damaskinos drikk av vatnet ved Sunnivakjelda. Bak står fader Tarsizios.

Tappa fulle flasker frå Sunnivakjelda

Dei tappa vatn frå Sunnivakjelda og sende ei flaske til Paris. Men den største flaska vart tatt med som kortreist vatn til Selje.

● **Siri Kolseth**
fjt@fjt.no

Kjelda med det livgjevande vatnet etter Sta. Sunniva vart eit midtpunkt på pilegrimskonferansen på klosterøya i Selje i helga.

Slik planen var fylte Klimapilegrim 2015 ei flaske med vatn som skal vere stafettpinne på vegen til klimatoppmøtet i Paris. Bjørgvin bispedømmeråd var òg på plass ved kjelda og med ei enda større flaske.

- Vatnet frå flaska vart brukt til å teikne ein kross i handa på dei 150 som gjekk ut frå gudstene i Selje kyrkje søndag, fortel sokneprest Kari Leine Balog.

Klimaavtalen

- Skaparverket sukkar og stre-

var. Vi kan vere med og forsvare det, seier biskop emeritus Ole Danbolt Hagesæther, når han stiller seg bak Klimapilegrim, som starta reisa på Skaparverkets dag.

Når flaska frå Sunnivakjelda vart sendt av garde frå Selja var det som ein del av ei global mobilisering for ei rettferdig klimaavtale i Paris i desember.

Klimapilegrim starta på same dag med vatn frå Selje, Svalbard og Nordkapp.

I første omgang skal pilegrimage reise med flaskene til Olavfestdagane, og etterpå blir det sett kurs mot Paris og klimatoppmøtet.

„ Skaparverket strevar. Vi kan vere med og forsvare det.

Ole Danbolt Hagesæther
Biskop emeritus

Var utan tak

Den første nasjonale kyrkjelege pilegrimskonferansen i Selje hadde 80 deltakarar, og det vart brukt ein heil dag ute på klosterøya til både meditatív vandring i kloster- og helgenanlegget og til ein konferanse under open himmel.

- Eg var redd det skulle bli for lenge, men alt gjekk over all forventning. Det vart ein veldig fin dag, seier Kari Leine Balog.

Ho fortel at folk fekk oppleve den veldig fine og imøtekommande stemninga på Selja, og dei som ikkje hadde vore på øya før vart overvelda.

- Det er fantastisk å kome heim, sa tidlegare Bjørgvin-biskop Ole Danbolt Hagesæther, under vandringa.

Også Ragnhild Helena Aadland Høen, som arbeider for eit nytt katolsk kloster på Selja, veit at folk kan kjenne at staden er heilag og spesiell.

- Nidaros, Selja, Røldal, Golgata og Genesaretsjøen er knutepunkt som er prega av den heilagdomen som dei har vore knytte til, sa Aadland Høen på konferansen.



Vatn frå Sunnivakjelda: Det vart fylt ei flaske med kjeldevatn som skal vere stafettpinne, leiar for Bjørgvin bispedømmeråd, Inger Helene Nordeide, eldsjel Ragnhild Helena Aadland Høen.



Kunstnar: Ikonmålar Rigmor Hasle Amundsen kom til klosterøya på same dag som Atelier Amdam opna utstilling med arbeida hennar.



Heilag: Ragnhild Helena Aadland Høen seier at Selja er eit heilag knutepunkt.



Frå Selje: Frå HL. Sunniva Kloster deltok mellom andre (f.v.) fader Agathangelos, fader Damaskinos og fader Tarsizios på vandringa.